



# ØyNytt

Nummer 1

Kyrkjeblad for Øygarden

Januar 2019 46. årgang

## Kva om kyrkjene i Hjelme og Blomvåg forsvann?



I desse dagar er ni kyrkjer i Oslo truga av nedlegging.

5



### 6 Med lovsong som fag

Acta lovsangsskole i Stavanger var nyleg på besøk i Øygarden.

- 3 Eg reiser ikkje åleine
- 10 Året 2019 og samanslåing av kyrkjelege fellesråd
- 12 Såpemaskin og bamse-demonstrasjon
- 13 Valkurs for sokneråd og nominasjonskomitear
- 15 Vik har fått eit nyoppussa bedehus

# Årsmøte for kyrkjelydane i Øygarden

Hjelme og Blomvåg sokn

Det vert årsmøte for kyrkjelydane i Øygarden  
Onsdag 24. april kl. 18.00 i Blomvåg kyrkje

## Tema:

Året 2018

Korleis vert 2019 og 2020

Kyrkjevalet

Kyrkjelydsbygging

Øygarden sokneråd

Erling Vik  
leiar



DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjecontoret i Øygarden – ekspedisjonstider

Som følgje av arbeid med samanslåing av dei kyrklege fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden vil kyrkjecontoret i Øygarden ha stengt alle fredagar fram til 1.6.2019.

Ekspedisjonstida vert slik: Måndag-torsdag kl. 09.00-15.00.

Fredag stengt.

Kyrkjecontoret kan også vere stengt andre dagar som følgje av arbeid med samanslåing.

Dette vert annonsert på vår nettside: [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

Bruk gjerne e-post for å kommunisere med oss:

[post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden

## Redaktøren har ordet

Olav Martin Vik

Kyrkjeverje/redaktør



Godt år!

Me er allereie eit godt stykke inne i det nye året. Ved inngangen til eit nytt år kjennest det som om ein kan starte med nokre blanke ark. Det kan vere ein god følelse sjølv om me veit at realitetane er annleis. Dei same oppgåvene og utfordringane møter oss sjølv med eit årsskifte.

Dei gamle sa «om me lever og har helse» når dei snakka om framtida. Det var ei realitetsorientering og eg tenkjer at me også skal ta dette på alvor. God helse og eit langt liv er ikkje sjølvsagt. Då er det godt å lene seg til Gud som veit alt og rår med alt, både i liv og død.

Dette er siste året at kommunane Fjell, Sund og Øygarden eksisterer som eigne kommunar. Som følgje av dette vert også kyrkja (Dnk) slått saman på fellesrådsnivå. I kyrkjeblada utover i 2019 vil me orientere om korleis dette vert og kva det betyr for kyrkjelydane lokalt.

Me ønskjer sjølvsagt at du også i 2019 vil besøke gudstenestene våre, at de foreldre vil døype borna og sender borna på våre leifar, kor og andre aktivitetar, og at dei unge ønskjer å konfirmere seg i kyrkja. Eg kan ikkje rekne opp alt. I kyrkjeblada og på våre nettsider finn du oversikt over det som skjer ute i kyrkjelydane lokalt. Våre medarbeidarar, både løna og uløna, står klar til å ta imot born, unge og vaksne.

Dette året ønskjer eg at me løfter fram kor viktig det er med frivillige medarbeidarar i kristne samanhengar. I Fjell, Foldnes, Landro, Sund og Øygarden har me rundt 800 frivillige. Dette er ein stor og svært viktig ressurs. Takk til dykk frivillige som tek nye tak i 2019.

Hugs også at om du vil døype bornet ditt hos oss, må du kontakte oss. Personvernreglane gjer at me ikkje lenger får melding om fødde, og då kan me heller ikkje sende invitasjon til dåp.

Ha ein fin ettermiddag.



# Eg reiser ikkje åleine

Me er godt i gang med det nye året og me byrjar så smått å verta van med å skriva 2019.

Å gje seg i kast med eit nytt år er nærmast som å setje seg på eit fly. Er me fyrst komen om bord, nyttar det ikkje å bremsa og me fer ut i det ukjende. Inn i det som ligg føre ber me på eit ynskje om ei god reise. Men det kan verta turbulens, det kan hende me må halda ekstra hardt i handa åt sidemannen, det kan til og med hende vi må gjera ikkje-planlagde mellomlandingar. Men les dette: Me treng ikkje ta på oss eit «Eg reiser åleine»-skilt. Det er omvend. Me skulle nesten hatt på eit skilt der det står: Eg reiser ikkje åleine. Løftet frå Gud er å bistå kvar ein dag. I ein av dei nyare julesongane er oppsummeringa: «Himmel på jord, ein nåde så stor, vi er ikkje åleine her vi bur».

Kapteinen på vår livsreise held stø kurs. Gjer me Jesus til styrmann er me ikkje overlatne til oss sjølve og me har bistand i liv og død. I tillegg får me utdelt Den heilage ande som styringsmekanisme.

Om den heilage ande står det at han kom over Jesus som ei due og vart verande. Ei due er vanskeleg å fanga. Jo meir me spring og kavar, jo meir flyr ho vekk. Men sit me ganske stille og roleg, vil dua til slutt kunna våga å landa på oss. Den heilage ande treng ro og stille i våre liv. Om me berre kavar på, får han ikkje høve til å styra oss etter sin gode vilje. «Ver still for Herren og vent på han» er oppmodinga frå salmisten (37,7) til menneske i stor fart.

Korleis ynskjer du at reisa for 2019 skal vera? Kva for bidrag ynskjer du å gje til andre sine reiser? Kva for bidrag treng du frå Gud?

Illustrasjonsfoto: Pixabay



ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Øygarden.

Det er også mange abonnementar utanfor kommunen.

Kontingent og annonsar er avgjeraande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

## Kjem ut i 2019:

8. februar, 12. april, 7. juni, 30. august, 4. oktober og 6. desember.

Redaksjonen vert avslutta ei veke før.

## ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

**Telefon:** 56 38 22 40

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Postadresse:** ØyNytt, postboks 144, 5331 Rong

**Utgjevar:** Øygarden sokneråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Redaksjonen:** Hogne Berland, Espen Sigve Tveten, Olav Martin Vik og Kari Sandøy Rong

**Grafisk produksjon:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** Bodoni AS

**Distribusjon:** Hammer Transport (i Øygarden) og Posten (utanfor Øygarden)

**Kontingent:** Kr 125 i Øygarden / Kr 175 utanfor Øygarden

**Takkeannonser:** Kr 100

**Annonsar:** Kontakt redaksjonen

**Bankkontonummer:** 3628.07.02557 for kontingenter og gåver

**Oplag:** 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.

## DEN NORSKE KYRKJA

**Telefon:** 56 38 22 40

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Øygarden kyrklege fellesråd**

**Besøksadresse:** Kyrkjekontoret Øygarden, Rong senter

**Postadresse:** Postboks 144, Rong

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre**

**tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**

[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

**Facebook:** kyrkjaoiygarden

**Instagram:** kyrkjaoiygarden

**Soknepresten i Øygarden:**

Espen Sigve Tveten

**E-post:** et838@kyrkja.no

**Telefon:** 56 38 22 40

**Leiar i soknerådet og kyrklege fellesråd:**

Erling Vik

**Telefon:** 482 10 462

**Org. nr. Øygarden kyrklege fellesråd:** 976 995 430

**Bankkonto for gåver:** 3628.55.90870

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps**

# Takk til Øygarden kommune

Øygarden kommunestyre har i sitt årsbudsjett for 2019 løyvd kr 5 375 000 til Øygarden kyrkjelege fellesråd. Løyvinga er i samsvar med det fellesrådet hadde lagt inn i sitt budsjettforslag. Øygarden kyrkjelege fellesråd takkar Øygarden kommune for rammeløyvinga. Løyvinga gjør at ein kan vidareføre kyrkja si drift i 2019 slik den var i 2018.

## ELDSJELPRIS 2018



Fra venstre varaordførar Atle Dåvøy, Anne-Elin Dale og ordførar Børge Haugetun.

Anne-Elin Dale fekk Øygarden kommune sin første ELDSJELPRIS. Ho fekk prisen for sin mangeårige innsats for vanskelegstilte i kommunen. Prisen er ei anerkjenning for hennar engasjement som fremjar gode verdiar i lokalsamfunnet. Anne-Elin fekk overlevert prisen på 15.000 kroner av ordførar Børge Haugetun. Prisen vart tildelt henne på ei tilstelling før jul. Formannskapet verdsette dette engasjementet så høgt at dei ville gje eit personlig handslag til Anne-Elin for innsatsen ho har gjort gjennom mange år.

## Nye stolar i Foldnes kyrkje



I romjula vart golvet i Foldnes kyrkje bona og vaska, og på nyttårsaftan vart 500 nye, flotte, komfortable stolar sett på plass. Etter 18 år med flittig bruk var mange av dei gamle stolane øydelagt og moden for utskifting. Dei nye stolane vart kjøpt inn etter ein anbodsprosess der åtte leverandørar kom med tilbod. Svardahl Design AS vann konkurransen med stolen «Faktor» som er produsert av Fyresdal tre. Det er Fjell kommune som har finansiert stolkjøpet med kr 1,5 millionar.



Here you can read some of the headings in this issue.

### Page 3

In the devotional, the priest writes about how Jesus is the captain of our lives. We are not alone in our life journey. Jesus is with us. The priest asks us what we want for our journey in 2019 and what we need from God.

### Page 5

In this article, the priest asks us how we would experience it if the churches in Hjelme and Blomvåg disappeared. He points out that nine churches in Oslo is going to be closed down. It is not a matter of course that we get to keep our churches. Political priorities are crucial for the years to come. If we remove the churches, we also remove the faith of God.

### Page 6

This article is about young people who go to worship school. Recently, some of the youth from Acta worship school came to visit Øygarden. This school is like a bible school. Everyone should spend one year in bible school.

*The editor*

## Landro gravplass

Arbeidet med å utvide Landro gravplass har starta. I starten vil ein arbeide med vegen som ligg inntil den nye gravplassen. Det er Fjell kommune som har ansvar for planlegging, finansiering og bygging på vegne av Fjell kyrkjelege fellesråd. Det vert 840 graver på den nye gravplassen, av dette ca. 300 urnegraver og 40 graver for andre trussamfunn. Arbeidet skal vere ferdig hausten 2019.



# Kva om kyrkjene i Hjelme og Blomvåg forsvann?

I desse dagar er ni kyrkjer i Oslo truga av nedlegging. Fellesrådet i hovudstaden har därleg økonomi og må spara pengar. Sterke kjensler er sett i sving. Kva vil skje om me må stengje kyrkjedørene her hos oss?

## Mi kyrkje

Kyrkjebygget har lenge vore eit berande element i lokalsamfunnet, både som gudshus og forsamlingshus. Mange omtalar kyrkjene i Hjelme og Blomvåg som «mi kyrkja». Dei viktige livsritane som dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravlegging er knytt til staden. Det er òg eit bygg mange søker til i tunge tider.

Ei av dei som sto fram i media i Oslo hadde ingen nærliek til kyrkja si før sonen på 17 år vart drepen i ein valdsepisode. «Det som skjedde med sønnen min dro meg ned til mitt svakeste. Jeg innså at jeg trengte noe større enn meg selv. Det fant jeg i Ellingsrud kirke. Der fant jeg håp» seier dama som no kjempar for kyrkja si.

Det er heldigvis ingen planar om å stengja ned våre kyrkjer. Men kva om...? Det er gjerne når noko forsvinn me verdset det me hadde.

## Ankerskipet

Kyrkja er eit ankerskip i lokalmiljøet. Symbolkrafta til kyrkja er sterkt og minner om Gud sin nærliek i vekslande omstende. Kyrkjene står der og minner oss om noko varig for oss menneske som er forgjengelege. Det er noko guddommeleg midt i slitet. Bedehusa har for mange den same funksjonen.

## Vil kyrkjene alltid vera der?

Det er ikkje sjølv sagt at kyrkjene skal verta verande. Haldningane til politikarane og løyingar er viktige. Kyrkjegardar og store bygg treng pengar. Til no har Øygarden verdsett kyrkjene sine politisk – det er me glade for. Men mange stader vert kyrkjene forsømt. Samstundes er det ved å bruka kyrkjene våre vi har den største sjansen til å vera dei. Ei levande og handlekraftig forsamling vert ikkje stengd ned. Den viktigaste kapitalen for ei kyrkje er folka, og ein kyrkjelyd er per definisjon menneska som tilhørar ho. Ei forsamling treng såleis ikkje eit bygg. Men det er likevel dei færreste som klarer seg utan forsamlingshus.

## ” Kyrkja er eit ankerskip i lokalmiljøet

Fjernar me kyrkjehusa, og fjernar vi gudstrua, vil grunnleggjande element forsvinna frå samfunnet vårt. I tusen år har trua gjeve tolkingar til liva våre, endå lengre andre stader. Går me inn i eit kyrkjebygg veit me kva som møter oss. Kyrkjehistorikar Eivor Oftestad seier desse forteljingane høyrar til eit kollektivt minne. Me forstår dei som har levd før oss betre med felles røynsler. Kva skjer om desse forteljingane vert gløymd? Kyrkja representerer noko meir enn berre

**Espen Sigve Tveten**

Sokneprest i Øygarden



kyrkjebygget. Protestane mot nedlegging av kyrkjer uttrykkjer ei oppleving av at vi forlèt sjølv kristendommen som livstolkning og struktur rundt livet vårt.

## Fornyng

Me overlever ikkje på tidlegare stordom, og kyrkja treng fornying. Det kan med rette diskuterast om me lever i eit kristen land. Det er gjerne meir rett å kalla oss eit etterkristent land, der den kristne tradisjonen står sterkt, men der ein ser eit stadig større ønskje om å erstatta dei kristne verdiane, og der det nøytrale ofte er eit mål. Det er heilt umogleg med eit nøytralt samfunn. Det er fare på ferde når ein grep opp og hiv bort dei kristne verdiane. Problemet er at me då ikkje har noko nytt å fylla hola som oppstår med.

## Slutt opp om kyrkja

Slutt opp om kyrkja og det som føregår der. Då verner me ikkje berre eit bygg, men dei gode verdiane samfunnet treng, og me vidarefører ein livskraftig måte å tolka livet på.



# Med lovsong som fag

«Alle menneske er skapt til tilbeding. Lovsong er lyden av tilbeding!» Slik beskriv elevane på Acta lovsangsskole i Stavanger kva dei driv med. Nyleg var dei på besøk i Øygarden.

**Tekst:** Hogne Berland

**Foto:** Linda Blom

Då årets første fredagssamling på ungdomsklubben Refuel gjekk av stabelen, var eit team på 10 elevar frå Acta lovsangsskole i Stavanger på plass. Dei skal spele og synge og i tillegg arrangere lovsongskonsert den påfølgande laurdagen. I spissen for gjengen er Filip Hellesund frå Rong. Han går på skulen og har samla teamet som har tatt turen nordover. Skulen er knytt til IMI-kyrkja og dei forklarar ivrig om kva dei lærer. «Det er eigentleg ein bibelskule der vi går på linja for lovsong. Det betyr at vi i tillegg til bibelfag lærer om kva lovsong er, vi lærer om låtskriving og har mykje prasis og teamturar der vi spelar og syng.»

På spørsmål om kva lovsong eigentleg er kjem det mange svar. Det er lyden av tilbeding. Det er motsett av motløyse. Det er ein av måtane me kan tilbe Gud på. Det er ein måte me kan gje respons til Gud etter alt han har gjort for oss. Det er tydeleg at dette er viktig for dei.

Elevane bur saman på internatbygg i nærleiken av skulen. Fleire trekk fram det gode miljøet dei har. Dei fortel at dei gjer alt i lag, ikkje berre i skuletida. Dei lagar mat, ser film, reiser til Stavanger og har det sosialt saman på fritida også. Filip Hellesund trekk også fram dette når han skal forklare kva som er bra med skulen. «Det er veldig opent og anerkjennande miljø her. I tillegg har vi gode lærarar og mentorar som investerer mykje tid i oss.»

Filip fortel at han hørde om Acta då han i fleire år reiste på ungdomskonferansen Impuls i IMI-kyrkja. «Eg har også vore engasjert i lovsongsteam på ungdomsklubben heime sidan eg var 14 år og har likt det svært godt. Eg valde å gå på Acta for å lære meir om lovsong, om meg sjølv og om relasjonen til Gud.» Han understrekar at det er stor stas å kome heim igjen og spele på ungdomsklubben her og håpar det kan inspirere og bety ein forskjell for ungdomane her.

“ Alle skulle tatt eit år på bibelskule!

Alle i teamet er einige om at eit år på bibelskule er bra. «Det har vore fint for oss å kome ein stad der det er kultur for å setje Gud høgast! Her kan vi både lære meir om Bibelen og få prøve ut ulike tenester. Alle skulle tatt eit år på bibelskule!».



Acta-teamet: Frå venstre: Solveig Økland, Mathias Helvig, Lill-Therese Ishoel, Lars Petter Bø, Christoffer Aagedal, Johannes Minge, Sander Moe, Ingrid Giskeødegård, Filip Hellesund (på tvers). Foto: Jeanette Skjold



Acta-teamet leier lovsong på Refuel.

## Hogne har ordet

**Hogne Berland**

Kyrkjelydspedagog



Det begynner å bli ei stund sidan jul, men det er fortsatt verdt å tenke over det vi minnast då. At Jesus vart fødd som eit menneskebarn, kallar vi gjerne Guds gåve til oss menneske. Og det er akkurat det Jesus er. Det han vart født for, det han gjorde då han døydde på korset, er ei gåve til alle menneske.

Til jul deler vi gåver mellom oss. I ein familie er det ofte barna som får flest gåver. Vi som er voksne, må nøye oss med litt færre. Det er ofte litt forskjell i korleis barn og voksne tek imot gåver. Vi voksne tenker med ein gong vi får ei gåve at det er viktig at vi gjev ei gåve i retur. Det er mange som har måtte ta seg ein ekstra tur på bensinstasjonen julaftan for å kjøpe ei konfekteske til nokon dei ikkje hadde venta å få gåve frå. Barna tenker ikkje slik. Dei tek imot gåva som den mest naturlege ting i verda og tenker ikkje at dei må yte noko tilbake.

Då Jesus sjølv skulle forklara korleis vi skal ta imot gåva han vil gje oss, sa han det slik: «Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det» (Markus 10,15). Barna er altså vårt forbilde her. Då tenker eg på korleis eit barn tek imot ei julegåve, og meiner at her er det noko å læra. Vi voksne tenker gjerne at vi skal bidra sjølv. Det er lett å tenka at Gud set opp krav til oss for at vi skal få denne gåva av han. Slik er det ikkje. Framfor Gud skal vi få vera som barn. Då kan vi få koma inn i Guds rike!

## Dette skjer

### LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

- 15.–17. februar: Leir 5. klasse  
1.–3. mars: Leir 6. klasse  
5.–7. april: Ungdomsleir 8.–10. klasse

**Det vert delt ut program på skulane.**

### REFUEL

8. februar  
22. februar  
8. mars  
22. mars  
5. april  
19. april  
3. mai  
31. mai–2. juni: Refuel weekend

**Stad:** Rong senter

**Tid:** 19.30–22.30

### KRIK

1. februar  
15. februar  
1. mars  
15. mars  
29. mars  
12. april  
26. april  
10. mai  
24. mai

**Stad:** Hjeltefjorden arena

**Tid:** 19.30–21.30

### GOSPEL TEENS

12. februar  
12. mars  
26. mars  
9. april  
23. april  
7. mai  
21. mai  
4. juni

**Stad:** Blomvåg kyrkje

**Tid:** 18.00–20.00

### INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga.

Kyrkjekontoret i Øygardet

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

### Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.

Ta kontakt om du vil delta frivillig.

# Visst skal våren komme

Songar om håp



Konsert  
Søndag 7. april  
kl. 19.00  
Blomvåg kyrkje

Musikal av Eyvind Skeie  
og Sigvald Tveit

# Stor konsert i Blomvåg kyrkje

**Med prosjektkor frå Sund, Sotra Reviderte og Øygardskoret  
og musikarar som framfører musikalen:  
«Visst skal våren komme – songar om håp.»**

Musikalen har tekstar frå Johannes openberring i Bibelen. Her kjem ei forkorta, nynorsk utgåve av forordet til musikalen: På øya Patmos sit Johannes, fengsla og fordriven frå heimlandet. Tidene er urolege, dei truande er truga på livet. Då får Johannes syner og openberringar. Han ser eit kosmisk drama falda seg ut, eit drama som handlar om dom og undergang.

Men Johannes er ikkje utan tru og håp, og i synene ser han óg ein ny himmel og ei ny jord som skal stiga fram. Gjennom alt dette ser han den stor meister, som vert kalla Lammet. Det er Kristusvisjonen som held saman alle bileta og motiva i Openberringsboka.

Musikalen vil visa denne visjonen og håpet om framtida- som gir oss mot til å tru og leva.

Set av søndag 7. april!

Anne Lise Grøm  
Kantor

## «KVILESTEIN» FOLKETONAR I NY DRAKT

Søndag 10. mars er det konsert i Blomvåg kyrkje. Det er folkesongar- og folketonesamlar Kjersti Wiik som saman med fløytyist, felespelar og organist skal presentere gamle tonar frå Hordaland. Øygardskoret ved Anne Lise Grøm skal også delta.

Søndag 10. mars  
kl. 19.00  
Blomvåg kyrkje



Kjersti Wiik, (song), Laila Kolve, (fløyter), Maria Skjeldrum Toppe (fele) og Per Inge Hove (trøorgel).

Folkemusikken i Noreg er ganske unik i europeisk samanheng. Både Sverige og Noreg har lukkast i å bevare ein eldgamal tradisjon. Ikkje minst har vi store musikkssamlingar med rikeleg med døme på vår lokale kultur. Denne var levande heilt fram i 1970-talet på strilabygdene. Så skjedde det noko. Ei økonomisk og samfunnsmessig omveltning som gjorde at den gamle bondekulturen kom skammeleg i skuggen av aukande velstand og nymotens oppfinningar.

Folkemusikken må vera klingande for å ha eit eige liv og appellere til publikum. Gjennom konsertar prøver ein etter beste evne å halde tradisjonen i hevd. Difor legg Kjersti Wiik, (song), Laila Kolve, (fløyter), Maria Skjeldrum Toppe (fele) og Per Inge Hove (trøorgel) ut på ein tur til ulike kyrkjer i Hordaland denne våren. «Å skaffa merksemd kring vår eigen musikk er viktig» seier Kjersti Wiik. «Vi kan vera så stolte av den rike folkemusikktradisjonen vi har i Hordaland.» Dei fire musikarane har funne fram religiøse folketonar og lydarslåttar frå ulike delar av fylket. Gjennom soli og sampel gjev dei oss eit

rikt innblikk i tradisjonen og ei reise i vår felles kulturarv. På konserten i Blomvåg 10. mars medverkar også Øygardskoret med religiøse folketonar. «Det er alltid kjekt å samarbeide med lokale krefter», seier Kjersti. «Det er inspirerande både for amatørar og dei proffe musikarane. Vi gler oss til fleire konsertar med ulike kor fram etter våren og forsommaren.» Wiik har sjølv samla inn ein del av musikken som skal framførast. Noko av den er utgjeven på CD.

Konserten er med stønad frå Hordaland fylkeskommune.

# Året 2019 og samanslåing av kyrkjelege fellesråd

Året 2019 er året då fellesrådsområda Fjell, Sund og Øygarden vert slått saman og får namnet Øygarden kyrkjelege fellesråd. Det nye valde fellesrådet trer i funksjon 1.12.2019, men så er det ei overgangsordning for sjølve verksemda i desember 2019.

**Tekst:** kyrkjeverje og prosjektleiar Olav Martin Vik

## Først – kva er eit kyrkjeleg fellesråd

Dei kyrkjelege fellesråda skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna, utarbeide planar for kyrkjeleg verksemd i kommunen, fremme samarbeid mellom sokneråda samt ivareta deira interesser i høve til kommunen. Rådet har m.a. ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar, samt arbeidsgivaransvar for tilsette i kyrkjelege stillingar utanom sokneprestane. Kyrkjeleg fellesråd skal ha ein dagleg leiar (kyrkjeverje) for verksemda.

## Sokna består – men formell samanslåing av sokna i Øygarden

Det er ingen endring i soknegrensene som følge av kommunesamanslåinga. I dagens Øygarden vert Hjelme sokn og Blomvåg sokn no formelt slått saman til eitt sokn med namnet Hjelme og Blomvåg sokn. Bispedømerådet har no godkjent dette. Samanslåinga får verknad for kyrkjevalet i 2019. Det har i mange år vore eit såkalla samanslått sokneråd som ei etablert prøveordning etter godkjenning frå departementet. z

## Kyrkjeleg samanslåing er i rute – vedtak er fatta

Samanslåinga av fellesråda følgjer dei same spelereglane som kommunesamanslåinga. Kyrkjeleg samanslåing er i rute. Den kyrkjelege fellesnemnda gjorde vedtak 4.12.2018 om organisering og lokalisering av det nye fellesrådet. I kommande nummer av kyrkjebladet vil me informere meir konkret om kva dette betyr for kyrkja sitt arbeid i den nye kommunen.

## Seksjonar

Verksemda vert organisert i seksjonar. Desse seksjonane har fått namnet: administrasjon, kyrkjer og gravplassar, kyrkjemusikk, barn og unge og diakoni. Seksjonane vert leia av ein seksjonsleiar. Seksjonsleiarane har starta arbeidet med å organisere sine seksjonar på tvers av dagens fellesrådgrenser. Dette vil medføre at våre medarbeidarar allereie utover ettermiddagen og våren vil merke samanslåinga meir konkret fordi mykje må samordnast.

Informasjon om samanslåing av fellesråda finn ein på [www.kyrkja.no/nyeoygarden](http://www.kyrkja.no/nyeoygarden)

## Dette er seksjonsleiarane i det nye fellesrådet:



**Borghild Hustad Berge**

Administrasjon og ass. kyrkjeverje



**Norvald Snekkevik**

Kyrkjer og gravplassar



**Olav Sørheim**

Kyrkjemusikk



**Rannveig Vestbøstad Vik (konst.)**

Barn og unge



**Torbjørn Fjøren**

Diakoni

Det er kyrkjeval i 2019. Dagar for val er lik kommune- og fylkestingsvalet. Nokre stadar er det val både søndag og mandag. Valdagen hos oss er mandag 9. september. Sokneråda som er valstyre for kyrkjevalet lokalt arbeider med å peike ut nominasjonskomitear som skal finne kandidatar til soknerådsvalet.

På valdagen vert det høve til å røyste i lokale som ligg i nærleiken til kommune- og fylkestingsvalet.

I kommande nummer av kyrkjebladet vert det gitt meir informasjon om førehandsrøysting, kandidatar, manntal m.m.

# Kyrkjevalet 8.-9. sep. 2019

# Engasjerte frammøtte på fellesskapsdag

Nærare 70 personar i alle aldrar møtte fram på Vik bedehus då soknerådet i Øygarden inviterte til fellesskapsdag laurdag 26. januar. Soknerådet var spent på frammøte ein laurdag, men det vart gjort til skamme.

**Tekst og foto: Olav Martin Vik**



Stort frammøte på fellesskapsdagen i regi av Øygarden sokneråd. Her held Erling Vik sitt opningsinnlegg.



Ommund Rolfsen fra Naturlig Menighetsvekst.

I fleire år har soknerådet hatt fokus på kyrkjelydsbygging etter metoden NaMu (naturlig menighetsvekst). Det er mange kyrkjelyder kring i landet som nyttar denne metoden, også frikyrkjelege organisasjonar og forsamlingar. Mentor og rettleiar er

Ommund Rolfsen frå organisasjonen Naturlig Menighetvekst. Han var til stades på samlinga og gjekk gjennom den siste kyrkjelydsanalysen. Det er sendt ut eit spørjeskjema som mange har svara på. Det er ein del kriterier som vert lagt til grunn; - ein må vere med i kyrkjelyden sitt arbeid og delta i ei eller anna form for bibelgruppe eller liknande. Vekst i kyrkjelyden må kome innanfrå. Det er Gud som gir veksten. Det er viktig at det er god balanse mellom dei ulike behova som menneska har i møte med den lokale kyrkjelyden. Korleis vert ein møtt? Korleis er det med omsorg? Korleis er forkynninga? Målet er å skape sunne kyrkjelydar, der menneske har det godt og kyrkjelyden kan utvikle seg og vekse.

I sitt opningsinnlegg peika soknerådsleiar Erling Vik på at det har vore eit godt samarbeid mellom kyrkje og bedehus i Øygarden og at dette må takast vare på.

Han la også vekt på at kyrkjelyden må sjåast på som eit puslespel der kvar brikke (altså kvart menneske) er like viktig for heilskapen.

Ommund Rolfsen peika på behovet for gode relasjoner menneska i mellom. Dette kan skapast t.d. gjennom husfellesskap, noko han sjølv opplever er godt i eigen samanheng. Han mista kona for nokre år sidan og då var og er husfellesskapet viktig.

Det var gruppearbeid i siste del av samlinga og det kom fram mange gode forslag, også utfordringar, om korleis ein kan arbeide med å utvikle kyrkjelydane.

Mellom øktene vart det servert pizza og det var eige opplegg for borna. Vik bedehus var leigd til samlinga, og arrangøren er godt nøgd med lokalitetane.

# Såpemaskin og bamse-demonstrasjon

På litt over 30 år har nærmere 1000 jenter søkt tilflukt på Nådehjemmet i Bangkok og fått en ny start på livet i en kritisk og vanskelig livssituasjon. Jentene kan komme når som helst i svangerskapet og være der til etter fødselen.



Denne måneden har jeg vært på Nådehjemmet. Hvilken oase for store og små! Møtet med de unge, skjonne gravide, og de som nettopp har født, gjør inntrykk. Babyene er bare nydelige. Til tross for tøffe skjebner og vonde erfaringer i livet, opplever jeg at jentene er både sterke og stolte.

## Hygiene og babystell

Selv om språket oppleves vanskelig har vi hatt et par «leksjoner» om hygiene og babystell. Bamser ble brukt til å demonstrere god og dårlig barnepleie. Jentene skulle gi poeng til den de syntes behandlet bamsebabyen best. Det ble mye «lått og løyte» og de fleste kjente seg nok igjen både på godt og vondt. To finske volontører var skuespillere og jeg var programleder og tolk.

## Såpemaskin

Dagene består av ulike aktiviteter. En gang i uka får jentene engelskundervisning. Dette synes de alle er spennende og meningsfullt. En annen dag kommer pastoren i den lokale menigheten for å prate og undervise i Bibelen. For en stund siden mottok Nådehjemmet en såpemaskin fra et hotell. Nå produseres det såper med ulike dufter og farger, til stor glede for alle. Det er også høy aktivitet med produksjon av perleengler, snøkrystaller og broderte julekort. Dette er virkelig nydelige håndarbeid som bør ligge under mange juletrær i år!

## Hagekafeen

Garden Cafe har hatt en liten renessanse og fått flotte, nye voksduker, små blomsterpotter på bordene og en virkelig god meny. Vi hadde besøk av en folkehøgskole fra Kristiansand nylig, og de fikk servert en herlig, sunn «søtbombe» av

en meny. Vakkert pyntet sjokoladekake, banankake og verdens beste kokosfrityrstekte bananer. Drikkevarene var også utsøkte: Knallgrønn leskedrikk, iste og perfekt kaffe. Det var en fantastisk opplevelse. I tillegg ble det storsalg av de håndlagede produktene.

## Volontører

For tiden jobber det altså to finske volontører på Nådehjemmet. De har virkelig stått på i kafeen, til alles inspirasjon. For meg har det vært en nydelig opplevelse å være her på dette fredfulle stedet hvor bananklasene henger tungt og ekornene spretter fra tre til tre. Det er fantastisk at disse unge jentene har et sted som Nådehjemmet å komme til.

Med vennlig hilsen  
Vibecke Møller  
NMS-misionær

# Valkurs for sokneråd og nominasjonskomitear

Det er kyrkjeval i 2019 og det er mykje arbeid som skal gjerast før valet og under valet.

Tekst: Olav Martin Vik

Foto: Yngvild Mørner Sørheim



Før kurset vart det servert lapskaus.



Representantar frå sokneråda i Vesthordland prosti på valkurs.

Onsdag 23. januar var nærmere 50 representantar for sokneråda i Vesthordland prosti (Fjell, Sund, Øygarden og Askøy) til stades på eit valkurs i regi av Bjørgvin bispedøme. Samlinga var i Foldnes kyrkje. Her fekk ein innsikt i valreglar og praktiske tilhøve kring gjennomføringa av valet. Den norske kyrkja har ei omfattande valordning, omrent tilsvarende valordninga for kommune- og fylkestingsval.

Det er det enkelte sokneråd som er valstyre og som har ansvaret for gjennomføringa av valet. Til gjennomføringa får dei god støtte frå kyrkeadministrasjonen. I 2019 er det val til sokneråd og bispedømeråd. I neste nummer av ØyNytt vil det vere ein større omtale av kyrkjevalet.

## Mange på julefest i Hjelme kyrkje laurdag 5. januar

Soknerådet inviterte til julefest laurdag 5. januar og mange møtte fram til dette hyggelege samværet. Julefesten har vorte ein tradisjon og mange set pris på tiltaket. Juletregong, andakt, god mat og ein god drøs. Det var litt for alle aldrar. Dei tre vise menn kom på besøk og hadde noko godt med til borna. Eige husband og Øygardskoret var med.

Sokneprest Espen snakka i andakten om kva gåver me fekk til jul og hadde framme nokre som måtte fortelja om kva dei hadde fått.

Den viktigaste gåva er Jesus.

Redaksjonen





Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippesnummer

**Hjelme kyrkje: #75628**

**Blomvåg kyrkje: #75632**

**Leiropphald på Skjergardsheimen:  
#75635**

Vippsnummara som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi.

Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

## VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

**Les meir og meld di interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)**



Å snakke med folk om livet gir meinig.



## Julekonsert som samla Øygardsfolket

Julekonserten som MOT – Øygarden Ungdomskule inviterte til i Hjeltefjorden Arena samla 800 menneske. Øygardsfolket og andre tilreisande stor kosa seg i kommunens "Storstova". Dei fekk ein tre timars julekonsert med variert songinnslag. Hanna Vik var ei av dei mange flinke solistane.

Frå sofastrukken vart konserten leia av Regine Oen Hatten. Ho hadde fleire gjestar på besøk, der i blant ordførar Børge Haugseth som las juleevangeliet med stor innleving.

*Redaksjonen*



## Stor oppslutning på Rong Brass sin julekonsert

Den årlege julekonserten Rong Brass inviterte til i Blomvåg kyrkje samla mykje folk. Kyrkja var fullsatt (300). I år hadde dei invitert det nye koret i Øygarden som har fått namnet "Kor- Øygarden". Dei framførte julesongar under leiing av sin engasjerte dirigent Ann Jorun Hillersøy. Ho dirigerer også Sund blandakor som bisto med ein del mannlege stemmer.

Rong brass fornekta seg ikkje denne gongen heller. Det var ein frys å kunna setja seg godt til rette i kyrkjebenkane og berre nyta tonane frå eit variert repertoar. Konserten vart avslutta med felles song "Deilig er jorden".

*Redaksjonen*



# Vik har fått eit nyoppussa bedehus

Dette er tredje gongen bygdefolket på Vik har samla seg om bedehuset i bygda. Første gongen var i 1937 då det første bedehuset vart bygd. I 1966 vart det gjort ei stor renovering av huset. Neste ombygging skjedde 1994 då huset vart vesentleg utvida og modernisert med nytt kjøkken og nye stolar. Og helga den 8. og 9. desember 2018 var bygdefolket igjen samla til fest etter at huset har

gjennomgått ei omfattande restaurering. Innvendig framstår huset som nytt med større møtesal, fleire arbeidsrom og nytt kjøkken og garderobe. Nye stolar og nytt høgtalaranlegg er også på plass.

Vik har no fått eit moderne bedehus for bygda og nabobygdene som er tenleg til ulike arrangement.

Kostnaden med ombygginga har kome på ca. 4 mill. kr. som bygdefolket har teke på seg å finansiera. Kommunen har løyvd eit tilskot på om lag 400.000 kroner.

Med dette har bygda fått eit tenleg forsamlingshus til ulike arrangement for fleire år framover.

Redaksjonen



Leiar for oppussingsprosjektet Øystein Vik takkar ordførar Børge Haugetun for kommunal støtte.



Ordføraren i prat med to trufaste bedehusgjengarar, Ole Vik og Gerhard Vik.



Barnekoret Lyskastaren.



**SPAR**

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten

Velsmakende varmmat

Fristende frukt og grønt

Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 8-22, laurdag 9-20



Bank i butikk

SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

## Fag Revisjon as

### Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf. 56 38 72 70,

eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bolgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldtallerken

Rong Catering a/s

Tlf. 9185 6258



**Torsvik**  
ELEKTRO

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon: 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

**Sotra Omegn**

BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume [ samme hus som Ligningskontoret ]

## GRAVMINNER



**Løvaas**  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

Vi formidlar blomster til innland og utland



**INTERFLORA**

**Blomsterbua**

Rong sentr

Telefon: 56 38 92 65

Postboks 107, 5331 Rong

**Bergen Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
**POLDEN**

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Heine  
Polden



Cathrine  
Polden Misje

Døgn telefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**

2. etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



# Kjøp kjapt, trygt og billig

# KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand-fred kl.07.00–23:00

Lørdagar 08:00–21:00



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

# Solstrands Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE**  
**GRAVFERD**



**NORGESHUS NORGESHUS**  
TH Bhas Bygg Øygarden  
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålneset 2, 5337 Rong

e-post: [ta@norgeshus.no](mailto:ta@norgeshus.no)

[www.norgeshus.no](http://www.norgeshus.no)

# Montér®

Øygarden Byggcenter AS

Pålneset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: [post@oybygg.no](mailto:post@oybygg.no)

Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,

lør 09.00-14.00

**Ønsker du  
sol hjem?**

Vi kan tilby 12 rørs solhimler  
eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B·P·S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22  
Mobil: 918 56 258

**øygarden**  
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790

E-mail:  
[post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

# Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

Normann 958 19 905

Ingvard 958 10 967



Trelastlager Tjeldstø

- Tilbygg

- Nybygg

- Rehabilitering

- Montering og utleie av brakker



**TORSVIK MUR**  
Alt i mur, puss og flisearbeid  
Rehabilitering/fornyning av  
gamle skorsteiner/piper

Dalekletten 44  
5337 Rong

Telefon: 91 16 83 75 E-post: [vidart1962@gmail.com](mailto:vidart1962@gmail.com)



ADVOkatgruppen BERGEN

- Arv/gaver
- Familiert
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektekarter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett



Advokatfullmektig  
Bernhard Hauge

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.

Hjemmebesøk om ønskelig.

E-post: bernhard.hauge@agbergen.no

Tlf: 920 41 950 www.agbergen.no

Sandviksboder 1H, 5035 Bergen

-din el-kontakt

**VESTGAR<sup>V</sup>ELEKTRO**

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210

E-post: post@vestgarelektr.no

www.vestgarelektr.no



## Tur til Israel

med John Solsvik

**12.–20. oktober 2019**

Pris: ca. kr 18.000

Påmelding: 924 68 547



## Statistikkar for 2018



DEN NORSKE KYRKJA

Her er eit utdrag av nokre nøkkeltal for kyrkjeleg verksemd i Øygarden, totalt for Hjelme og Blomvåg sokn.

	2018	2017
Døypte	46	41
Frammøtte på gudstenester totalt	8779	8006
Nattverdsdeltaking	2571	2816
Konfirmantar	49	48
Offer totalt	253 742	242 320
Givarteneste	96 950	107 100
Andre innsamlingar (misjonsløpet)	59 233	67 700
Innmelde	1	2
Utmelde	11	23

## Bibeltimar

Nautnes bedehus våren 2019

**Torsdag 21. februar kl 19.00**

Johannes Lyngseth

**Torsdag 28. mars kl 19.00**

Asle Hetlebakke

**Torsdag 25. april kl 19.00**

Vegard Hetlebakke

**Torsdag 23. mai kl 19.00**

Arnfinn Norheim

Etter bibeltimane vert det kveldsmat og samtale.

For Hellesøy/Nautnes/  
Tjeldstø bedehus

## MORGONMESSER i fastetida

BLOMVÅG KYRKJE

**Tysdag 19. mars og 09. april  
kl. 6.30–7.15**

## FELLESSKAPSKVELD med påskefokus

HJELME KYRKJE

**Torsdag 11. april kl. 19.00**



DEN NORSKE KYRKJA

# Til lukke

## 70 år

- |         |   |
|---------|---|
| 15. feb | Wenche Rong,<br>Myråsvegen 12                 |
| 18. feb | Magnar Frants Oen,<br>Lauet 6                 |
| 23. feb | Torleif Toft,<br>Vestrevegen 106              |
| 11. mar | Roger Johnsen,<br>Kanalvegen 10               |
| 15. mar | Sonja Irene Fjeldstad,<br>Tjeldstøvegen 52    |
| 16. mar | Margret Busch,<br>Utenga 5                    |
| 23. mar | Ingrid Kristine Sæterdal,<br>Hellesøyvegen 59 |
| 3. apr  | Anne-Elise Svelingen,<br>Nålsundet 3          |
| 6. apr  | Edvin Olai Rong,<br>Navrestøvegen 21          |
| 9. apr  | Gudrun Vik,<br>Larsevegen 22                  |
| 11. apr | Nils Magne Birkeland,<br>Vikatoppen 4         |

## 75 år

- |         |   |
|---------|---|
| 9. feb  | Johannes Herdlevær,<br>Herdleværvegen 107 |
| 11. feb | Klara Semshaug,<br>Åkletten 19            |
| 24. feb | Magnar Reidar Tveit,<br>Grønhaugvegen 45  |

## 80 år

- |         |  |
|---------|--|
| 12. feb | Sigrunn Bjørg Dale,<br>Myrane 51       |
| 13. mar | Hanna Benny Turøy,<br>Sundevika 52     |
| 19. mar | Astrid Margrete Vik,<br>Helgebrekka 27 |
| 22. mar | Even Olav Floen,<br>Ådneviksvegen 96   |
| 2. apr  | Jorunn Nygård,<br>Osundet 4            |

## 85 år

- |         |                                      |
|---------|--------------------------------------|
| 24. feb | Otto Harald Lyngøy,<br>Arsettunet 23 |
|---------|--------------------------------------|

## 90 år

- |         |  |
|---------|--|
| 4. mar  | Leif Magne Ådlandsvik,<br>Kvalen 3               |
| 14. mar | Astrid Karen Alvilda Torsvik,<br>Knappebrekka 12 |

## 95 år

- |         |                                 |
|---------|---------------------------------|
| 20. mar | Oskar Rong,<br>Navrestøvegen 35 |
|---------|---------------------------------|

# Gudstenester / Service

 Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

### 10. februar – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten. Utdeling til 4- og 5-åringar. Offer til Bergen søndagsskulekrets.

### 17. februar – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Espen Tveten. Offer til Det norske bibelselskap. Nattverd. Søndagsskule.

### 24. februar – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Helge Unneland. Offer til Norsk Luthersk misjonssamband. Nattverd. Søndagsskule.

### 3. mars – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Espen Tveten. Offer til Den norske Israelsmisjon. Dåp. Nattverd. Søndagsskule.

### 10. mars – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 17. mars – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten. Utdeling til 5-åringar. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Dåp.

### 24. mars – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Helge Unneland. Offer til Misjonsprosjektet i Thailand. Dåp. Nattverd. Søndagsskule.

### 31. mars – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Espen Tveten. Offer til Normisjon. Nattverd. Søndagsskule.

### 7. april – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd. Søndagsskule.

## Eldretreff

### Hjelme kyrkje onsdagar kl. 17.00:

- 20. februar
- 20. mars
- 15. mai
- 22. mai – Fellestreff

### Tednebakkane omsorgsenter, torsdagar kl. 16.30:

- 14. februar
- 14. mars
- 25. april
- 22. mai – Fellestreff



DEN NORSKE KIRKJA

## Døde

### Blomvåg

- Arne Lie, Søfteland f. 1960
- Margunn Marit Torsvik, Vik f. 1948

### Hjelme

- Henriette Birgitte Odland, Hellesøy f. 1929
- Karin Olaug Fjeldstad, Tjeldstø f. 1946
- Katinka Alvheim, Bergen f. 1923

## Vigde

### Blomvåg

- Lill Grete Stranda Rossnes og Tor Andre Sture Rossnes

## Døypte

### Blomvåg

- Amelia Sandal Eikevåg, Knappen
- Elea Fjeldstad, Tjeldstø
- Emilie Görbitz, Straume

## «Kvilestein» Folketonar i ny drakt

Søndag 10. mars  
kl. 19.00  
Blomvåg kyrkje

Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

**Distribusjon i Øygarden:**  
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor  
Øygarden:** Posten Norge

**Returadresse:**  
ØyNytt  
Postboks 144  
5331 Rong



## Julepynta kyrkje

Det var mange som starta julefeiring med eit besøk i Øygards-kyrkjene på julafest. På dei to julegustenestene i Blomvåg kyrkje var det om lag 500 som møtt fram. I Hjelme kyrkje var det litt over 200 frammøtte.

*Redaksjonen*

## Kommunen har kjøpt Rong bedehus

Øygarden kommune har kjøpt Rong bedehus for 1 million kroner. Det er INRI som no var eigar av bedehuset og dei har sin møtearena på Rong senter. Kommunen har leig bedehuset i mange år til undervisning – klasserom. Då Rong skule vart pussa opp i 2018 var bedehuset brukt til base for lærarane og klasserom. I 2019 vil Rong Brass bruka bedehuset til øvingsarena, sidan Kulturhuset er under restaurering. Underetasjen vil bli brukt til andre kulturelle føremål. Bedehuset på Rong var ferdig bygt i 1953. Møtesalane rommar 100 sitjeplassar. I ei årrekke har bedehuset vore ein samlingsstad for kristent arbeid på Rong.

*Redaksjonen*



## Adventsfest

Søndag i advent vart det – tradisjonen tru – arrangert førjulfest i Nautnes bedehus. Klokka 17.00 vart den sju meter høge julegrana tent – og så vart det litt juletregong ute før me alle samlast inne i den lune, gode bedehussalen til herleg hjortegryte og potetstappe. Etterpå var det kaffi og småkaker.

Songglade småjenter, saman med Bodil, fekk rundt 80 frammøtte til å leita fram dei gode, gamle julesongane, og så tona julebodskapen ut! Stor takk til alle som gjorde dette til ein minnerik og vakker førjulfest!

*Bjarne Skjold*